

1. Jeg svarer som

Bispedømmeråd

2. Navn på kontaktperson for høringssvaret

Tore Skjæveland

3. E-post til kontaktperson for høringssvaret

ts929@kyrkja.no

4. Hvor nyttig vurderer du den foreslåtte automatisk genererte informasjonen som hentes fra menighetenes årsstatistikk, medlemsregisteret og statistisk sentralbyrå?

5: Svært nyttig

5. Har du kommentarer til den foreslåtte automatisk genererte informasjonen?

Bjørgvin bispedømmeråd meiner at her bør ein ha oversikt over folketal og utvikling over tid. Alderssammansetning i befolkninga faktisk og i prosent (og sett saman med snittfordeling i landet). Migrasjonsoversikt med flyttetrendar (inn-utflytting) – om mogleg. Oversikt over kor mange som er arbeidsinnvandrarar (prosentdel) og har bakgrunn frå andre land. Det kan vere interessant med folkehelseparameter som; tal på pensjonistar, uføretrygda, del av folk i jobb, kriminalitet, lønnsnivå, tal på barnevernsaker (for å kunne finne lokale utfordringar). Det kan vere lurt med tidsseriar for 5-10-20 år som viser utvikling i folketal, medlemstal, gudstenesteoppmøte (faktisk/snitt), nattverdsnitt og andre viktige parameter. Og gjerne vist opp mot snitt i prosti/bispedøme/land. Den informasjonen som er viktigast i det daglege kan visast fast, så kan ein ha tilleggsval der ein kan finne meir av informasjonen. Viktige tal er folketal, medlemstal, medlemsprosent, gudstenestesnitt. Kor stor del av 1-2-3 opp til 15/18 åringar som bur i soknet er blitt døypte? Dette sett i % av folketal i aldersgruppa. Ideelt sett var det også nyttig å vite kor mange/stor del av tilhøyrige er ikkje døypt i dei ulike aldersgrupper. No kan dette erstattast med dåpsprosent av fødte samanlikna med medlemsprosent for foreldregruppa. Tal på gravferd, vigslar er ikkje så interessant i denne samanheng, det er stort sett berre interessant for å vurdere arbeidsbelastning for prestar og andre. Når det gjeld dåp og konfirmantar viser det i kor stor grad gudstenester i soknet er prega av dåp og konfirmantdeltaking og bør haldast saman med barne og ungdomsarbeid og dåpsattsing. Andre interessante tal er storleiken på årskull, og kor stor del av folk som bur i soknet som vel kyrkjeleg dåp/gravferd/vigsel/konfirmasjon.

6. Hvordan vurderer du antall felter (fire) som menighetene skal fylle inn?

Et godt antall

7. Har du andre kommentar til informasjonen som det er foreslått at menigheten legger inn selv?

Bjørgvin bispedømeråd meiner at det er ein overhengande fare for at planen vert for stor til å vera praktisk. Dette kan fungera for store sokn med ein stab, men det kan bli for stort for eit lite sokn. Det finst mange døme på at kyrkjelydar har laga flotte diakoniplanar som er så omfattande at dei aldri vert sett ut i live. Av omfang og innhald nærmar denne heilskapelege planen seg ei visitasmelding og det er rimeleg at dette vert eit dokument som vert utforma slik at det er nyttig ved ein visitas. Ein fare med ein slik plan er at det vert meir byråkratisering, særleg dersom ein omfattande plan vert eit krav til kyrkjelydane. Planen bør vera så enkel som mogleg og det spørst om det bør vera frivillig å laga ein slik plan, i alle fall den omfattande grunnlagsdelen. Målet må heller vera ein god planprosess i soknet og eit godt digitalt verktøy for denne prosessen så fokuset vert på kyrkjelydsarbeidet og ikkje på planen. For at den skal vera handterleg må ein dela planen i to, Den store delen med bakgrunnsstoff og skildring av aktivitetar og ein mindre strategisk tiltaksplan, der den siste vert den operative delen. Tiltaksplanen må vera tydeleg strategisk med enkel oppbygning i fire punkt: 1) I denne tidsperioden (dato) 2) vil vi bruka desse ressursane (pengar, folk) 3) på å arbeida med /løysa desse utfordringane (strategisk utfordring) 4) ved å gjera dette (tiltak). Det vil vera ein styrking av planen som plan dersom overskriftene var annleis: KVEN ER VI, i staden for informasjon. KVAR ER VI, i staden for kontekst, og på dette punktet kan ein med fordel ha to underpunkt: Korleis ser samfunnet ut lokalt? Korleis ser kyrkjelivet ut lokalt? KVA SER VI, i staden for utfordringar. KVA HAR VI, i staden for ressursar. KVA VIL VI, i staden for satsingar. KVA GJER VI, i staden for aktivitetar. I tillegg bør fyrste punkt i planen vera kyrkjelyden sin visjon, eventuelt bispedømet eller rettssubjektet sin visjon slik at det vert tydeleg at ein planlegg for å verkeleggjera visjonen. Den operative planen bør heita: DETTE VIL VI GJERA NO!

8. Hva tenker du om forholdet mellom det menigheten har skrevet i sin trosopplæringsplan, og helhetlig menighetsplan?

5/5 - Det er lett å se hvor tekst fra menighetens plan for trosopplæring» passer inn i malen for helhetlig menighetsplan

9. Har du kommentarer til det menigheten skal flytte over fra sin trosopplæringsplan til helhetlig menighetsplan?

Bjørgvin bispedømeråd meiner at trosopplæringsplanane har god og nyttig informasjon om kyrkjelyden i sin generelle del. Det er litt ulikt korleis einingar har fylt ut denne delen, men mange viktige tema er tatt med. Ein del av informasjon er litt forelda, sidan informasjonen kan vere over fem år gamal, men informasjonen er eit svært godt grunnlag og er enkel å oppdatere. Andre gode stader å hente/plukke informasjon til generell del er visitasmeldingar og årsmeldingar. Ein bør også opne for å legge inn samanheng her. Det er viktig at mest mogleg av den informasjonen ein nyttar i kyrkjelyden si strategiske styring kan bakast inn her, slik at ein ikkje treng for mange ekstradokument. Så ein bør ha rom for visjon, slogan, verdiar, mål, strategiar og anna nyttig, og det bør vere samanheng i dette. Planen bør hjelpe soknet til å seia: Fordi lokalsamfunnet ser slik ut, og vi har desse ressursane

tilgjengelig, vel vi å satse på ... , og det vil vi gjere ved å ha Aktivitet. Difor meiner me at planen må ha munna ut i ein operativ del som årleg vert fornya: 1) I denne tidsperioden (dato) 2) vil vi bruka desse ressursane (pengar, folk) 3) på å arbeida med /løysa desse utfordringane (strategisk utfordring) 4) ved å gjera dette (tiltak).

10. Hva tenker du om informasjonen som etterspørres om hver aktivitet?

Er på et for generelt nivå

11. Har du andre kommentarer til informasjonen som menigheten skal fylle inn om sine aktiviteter?

Bjørgvin bispedømeråd meiner at her kan ein vurdere å legge til valfrie alternativ slik at planen speglar kvardagen i soknet og den lokale kyrkja. Det er viktig at ein har klart for seg bruken av planen, om ein skal få den informasjonen ein treng ved å gå inn i planverktøyet, eller om det berre blir eit enkelt oversyn over aktivitetane i kyrkjelyden. Dersom det berre er eit oversyn – kan nytteverdien vere avgrensa. Det er ein hårfin balanse her mellom den datamengda ein legg inn og den nytta ein kan få igjen. Det må vere tilstrekkeleg med informasjon om aktivitetane til at dokumentet blir eit bruksdokument ein nyttar i kvardagen heller enn eit dokument til bruk ved årsplanlegging og årsrapportering – og berre det. Ved statisk tenking om bruk to gonger i året er desse felte truleg passeleg. Dersom ein vil ha ein meir dynamisk plan krev det nok meir informasjon. Spørjeorda kva- kven (målgruppe og ansvarleg) – kor - når- kvifor – korleis bør vere dekkja. Ein bør kunne sjå for seg korleis aktiviteten ser ut, ved å lese om han her. Men det krev rom for vedlegg og prosjektplanleggingsverktøy.

12. Hva synes du om *antallet* fagområder?

Jeg synes dette er for få alternativer

13. Har du andre kommentarer til fagområdene som menigehtene kan merke aktiviteter med?

Bjørgvin bispedømeråd meiner at dersom dette skal vera kyrkjelyden sin plan må det vera ei fleksibel inndeling slik at det ikkje følast som kunstige kategoriar eller som ei påpeiking av at ein manglar aktivitetar ved at noko kategoriar er tomme. Her saknar ein t.d. bibelgrupper, vaksenundervisning og oppfølging av frivillige, informasjonsarbeid og digital satsing som er aktuelt i mange kyrkjelydar, medan det er svært få lokalkyrkjelydar som driv med religionsdialog. Dersom det skal vera eit rapporteringsverktøy må ein vera tydeleg på det, og leggja inn dei same kategoriane som står i årsstatistikkskjemaet. På den måten kan planen gje mindre arbeid ved årsrapportering.

14. Har du kommentarer til veiledningstekstene som ligger i selve malen?

Bjørgvin bispedømeråd meiner at her må ein tenka prosess heller enn utfylling. Kyrkjelyden må få hjelp av rettlinga til å gå inn i ein strategisk prosess der planen er eit verktøy heller enn eit mål. Tekstane bør vere mest moglege relevante og

matnyttige, med stikkord til tema som kan/bør tas med i dei enkelte felte. I staden for spørsmål i rettleiinga kan ein forme informative setningar som: «Her kan ein skrive om kva som særpregar lokalsamfunnet. Kva lag og organisasjonar som er representert, kva dei gjer og kva verknad dei har.» Delen om «utfordringar» er litt vanskeleg å relatere til. Det er vanskeleg å avgjere kor den høyrer heime. Eigentleg er det ein del av «kontekst». Eller så kan det vere naturleg å ta «ressursar» før «utfordringar». Men ein kan også knytte utfordringsdelen mot «satsingar» - ting som er naturleg å gjer noko med. Ein kan absolutt ta med refleksjonsspørsmål, men dei må koma før ein startar med å skriva sjølve planen (i ei rettleiing for å utarbeide planen). Sjølve rettleiinga til planen bør vere faktabasert: I denne tekstboksen skriv ein inn informasjon om..... Så bør ein ha ein lenke til eit prosessdokument som kyrkjelyden kan bruke ved utforming av planen. Her bør ein ta med metodikk og spørsmål til samtale, refleksjon og drøfting for å arbeide planen. Ein treng truleg ein rettleiar for prosessen med å utvikle planen, slik at ein skal sikre brei involvering. Det bør gå klarare fram om planen skal vere statisk eller organisk/dynamisk. Uttrykket planperiode kan problematiserast. Ulike deler av planen kan ha ulik gyldighetsperiode. Det er nok fornuftig å lage ein understruktur med visjon, verdier og mål knytt til avsnittet om satsing. Vedtaks-dato eller gyldighetsperiode for planen er meir relevant for dei innleiande delane, enn for aktivitetsdelen. Den bør vere i stadig utforming/justering ut frå endra behov. Ein har vanlegvis ikkje all den informasjonen ein treng i det tidspunktet ein lagar/vedtar ein plan. Like etterpå kan det komme fram informasjon og skje endringar som gjer at deler av planen bør endrast for å lukkast med dei måla ein har sett.

15. Har du andre tilbakemeldinger til selve malen for helhetlig menighetsplan?

Bjørgvin bispedømeråd meiner at gudstenesta må med i planen elles blir det ikkje heilskap. Når det står «Helhetlig menighetsplan er både en strategisk plan som ser overordnet på menighetens kontekst, ressurser, utfordringer og mål, og en handlingsplan som beskriver de aktiviteter som menigheten velger å gjøre utover alminnelige gudstjenester og kirkelige handlinger.» blir det ikkje ein heilskapleg plan. «Gudstenesta er navet i kyrkjelyden», (frå Bjørgvin sin førre strategi) og det betyr at alt arbeidet må henga saman med gudstenestelivet. I mange små sokn er gudstenestene det einaste opne arrangementet fordi trusopplæring og diakoni er målgrupperetta. Erfaringar viser at der gudstenestene ikkje vert halde saman med dei andre planane strevar ein med heilskapstenking og ofte med samarbeidet. Utfordringa lokalt er at dei to arbeidsgjevarlinene av og til gjer at presten sitt arbeid og gudstenestene blir ein satellitt som ikkje vert inkludert tenking og planarbeid. Dette skjer trass i at både trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikalsk arbeid skjer i gudstjenester. Difor må gudstenestene inn i heilskapsplanen. Då kan heile kyrkjelyden, det vil i praksis seia soknerådet og staben, få eit eigarskap til gudstenestene og meina noko om korleis dei fungerer i forhold til diakon, kyrkjemusikken slik at gudstenesta i praksis vert navet i kyrkjelyden. Dette utfordrar ikkje presten som den ansvarlege for gudstenesta, men legg opp til samarbeid og involvering og samtenking i planarbeidet. Når det gjeld kyrkjelege handlingar må ein tenka om dei som ein kyrkjeleg arena og ikkje berre enkelthandlingar, fordi det er i gravferd og dåp ein møter folkekyrkja på sitt sterkaste og største. Det er naturleg at soknerådet også har med dette i sin plan, ikkje for å meina noko om handlingane, men fordi ein kan leggja til rette for diakoni, sorggrupper, kyrkjegardsdugadar og

liknande. Spørsmål om egne dåpsgudstenester, bruk av kyrkjerom, inventar og uteareal er strategisk. I tillegg vil då ein også gje rom for at andre medarbeidarar, som kyrkjetenarar og kyrkjegardsarbeidarar også vil kunne føle eigarskap og deltaking i ein heilskapsplan.

16. Har du kommentarar til bakgrunnsdokumentet som forklarar tenkingen bak og bruken av mal for helhetlig menighetsplan?

Bjørgvin bispedømeråd meiner at det bør bli laga automatisk generering av årsplan og årsrapportering frå dette verktøyet, slik at ein slepp å operere med det i tillegg til denne heilskapelege planen. Ein bør med andre ord i større grad innarbeide strategiarbeidet og val av visjon, satsingar og mål inn i den heilskapelege planen – som ein tydelegare del av planen (sjølv om han kan vere valfri). Her kan ein også lage automatisk genererte strategiplakatar eller liknande – som hentar ut den informasjonen ein legg inn. Høyringsdokumentet har formuleringar som kan tolkast som å stille spørsmål med viktige føresetnader i trosopplæringsreforma: «så lenge kravet til rapportering på trosopplæring opprettholdes som i dag»(s 2), «Siden biskopen fortsatt skal godkjenne eventuelle endringer i trosopplæringsplanen»(s3). Meir nøytralt: Sidan det er krav til rapportering... Sidan det er biskopen som godkjenner eventuelle endringar... «Betydelig forenkling» s3 er ikkje nødvendigvis eit dekkjande ord. Påstanden om at tverrfaglighet (s2) blir oppnådd ved ei felles liste med alle aktiviteter i kyrkjelyden, er i beste fall eit optimistisk syn. Tverrfaglighet bør arbeidast inn på annan måte i planen, difor er det viktig at gudstenestearbeidet er med. Å kjenne til ein aktivitet er ikkje tverrfaglighet. At til dømes staben i ein kyrkjelyd saman utviklar ein mal for ei samling for frivillige – kan vere tverrfaglig arbeid, men treng ikkje vere det. Det er tenkt ulik tilgang til dataverktøyet for heilskapeleg kyrkjelydsplan. Når mange ulike personar skal ha ulike tilgangstypar og ulikt ansvar kan det fort bli eit kaotisk felles resultat, så det er lurt å byggje inn gode rutinar og system for kven som kan endre kva og kor ofte/mykje endring. I ein slik plan vil det kunne bli mykje og viktig informasjon for soknet. Så er spørsmålet kven andre som skal ha tilgang til å få del i denne informasjonen, og om dette er informasjon som soknet eigentleg vil dele med desse andre: Kven i fellesrådet, av prostar, i bispedømet, i kyrkjerådet (og eventuelt forskarar/andre) skal ha tilgang, og skal dei ha tilgang til all informasjon? Dersom systemet blir kopla opp mot kontroll, tilsyn og styring utanfrå kan det kunne undergrave intensjonen med systemet.